

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 12.03.2019

Til stades: Gunnar Dalseth, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Sigmund Eiken, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane, Liv Bente Steiro og Kaia Gulbrandsen

Referent: Kaia

**Sak 2019/16: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.**

**Sak 2019/17: Godkjenning av referat frå styremøte 12.02.19; godkjent**

Kommentar: Angunn deltok berre i starten av møtet 12.02.19

**Sak 2019/18: Tilstellingar;**

- Planlegging av årsmøte 17. mars
  - Lage sakliste
  - Slutføre årsmelding
  - Slutføre rekneskap
  - Framlegg om ordstyrar og referent, forslag Gunnar og Kaia
- Rapport frå planleggingsmøte for Herandsdagane 10.03.19. Det møtte 4 av omlag 15 innkalla lag/verksemdar, men nokre hadde på førehand meldt forfall. Interessen i bygda for å skipe til Herandshelg vil bli teke med i samtalen om aktivitetar på årsmøtet 17.03. Det vil bli innkalla til eit nytt møte tidleg i april.
- Førebu bygdedugnad 27. april. Alle lag får tilsendt skjema for innmelding av arbeidsoppgåver. Det er viktig at alle folk og jobbar koordinerast til felles beste og at arbeidet sjåast som eit heile.

**Sak 2019/19: Eigedomar, investeringar;**

- Status utleige lager. Det er sett inn luftavfuktar i rommet innanfor kjøkkenbakrommet. Lager i rektorkontoret er planlagt flytta dit.
- Leiar har skriva til Jondal kommune og etterspurta hjelp til brøyting av heile plassen ved større arrangement om vinteren, ikkje fått svar enda.
- Status «Nilsaflaten» ved Meieriet: Grunneigar ventar på at kommunen skal måle opp, dette er signalisert at vil skje snart.

**Sak 2019/20: Økonomi / stønad / fristar;**

Det er sendt ut faktura til de bygdebladabonnement som ikkje er betalt på oppmoding.

**Sak 2019/21: Andre saker;**

- Framlegg om kandidat til styret i Jondal Frivilligsentral, som skal ha årsmøte 18. mars.
- Innspel frå valnemnd; har ikkje greidd å skaffe kandidat til leiarverv, dei andre styreplassane er ok. Det vert oppgitt ulike grunnar – leiarverv er krevjande, mykje arbeid og utsett posisjon, folk har ikkje kapasitet og erfaring, vegring mot å gå inn i vervet utan å vere med i styret på førehand. Bygda er lita og her er mange lag – mange

er engasjerte og det nokon som går mykje igjen. Frå valnemnda møtte Kjellaug Hoås Samland og Britt Heidi Selsvik.

**Sak 2019/22: Eventuelt;**  
Ingen saker.

**Neste styremøte tysdag 09.04.19 kl. 19.00 på Herand kulturhus.**

**Årsmøte i Herand bygdelag vert søndag 17. mars kl. 16.00 på Herand kulturhus.**